

**Retningslinjer for**  
**SYSTEMATISK ARBEID MED ELEVANE SITT**  
**SKULEMILJØ S9A**



**Ostereidet ungdomsskule 2015 - 2019**

## INNHALD

1. Innhald og føreord	s. 3
2. Plan for arbeid med skulemiljøet for elevar og tilsette på Ostereidet ungdomsskule	s.3
3. Samanheng med Lindås kommune sin overordna plan	s.3
4. Mål for arbeidet med skulemiljøet	s.3
5. Mål for skulemiljøarbeidet	s.3
6. Lovteksten	s. 3- 5
7. Førebyggjande tiltak og systematisk arbeid	s.6
8. Rutinar for å avdekke brot på §9A	s.7
9. Individretta arbeid og oppfølging av einskildsaker	s. 8
10. Meldeskjema ved brot på elevane sitt skulemiljø	s. 10
11. Tiltaksplan og dokumentasjonsmal	s.11
12.	

## Føreord

Den nye lovteksten i §9A har vore omtalt i presse og møte. Lindås kommune har utarbeidd sine eigne retningslinjer for skulemiljøarbeidet. Nedanfor følgjer korleis dette arbeidet skal følgjast opp på Ostereidet.

Personalet på skulen er involvert i og ansvarleg for arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø for alle. Det er personalet si overtyding at ved vere proaktivt og tett på elevane og sjå og forstå , kan vi alle bidra til å førebyggje negative hendingar og styrke det positive.

Arbeidet etter §9A heng godt saman med god klasseleiing, relasjonsbygging, motivasjon, struktur og utvikling av godt læringsmiljø. Det er også sterkt knytt opp til MOT sitt arbeid for å skape robust ungdom som tek vare på seg sjølv og hjelper andre.





## PLAN FOR SKULEMILJØARBEIDET FOR ELEVAR OG TILSETTE PÅ OSTEREIDET UNGDOMSSKULE

### SAMANHENG MED LINDÅS KOMMUNE SIN OVERORDNA PLAN

Skulen sin plan er å sjå i samanheng med og er utarbeidd i tråd med Lindås kommune sine retningslinjer skulemiljø kapittel 9A.

### MÅL FOR SKULEMILJØET

Skulemiljøet ved Ostereidet ungdomsskule skal vere trygt og godt og fremje helse, trivsel og læring for alle i skulemiljøet.

### MÅL FOR SKULEMILJØARBEIDET

Elevar og tilsette skal vere trygge og ha det godt på skulen og der lova gjeld. Kvar elev skal ha eit skulemiljø fritt for krenking, vald, mobbing, trakassering, diskriminering. Det er eit mål at det vert arbeidd for gode relasjonar mellom elevar og dei tilsette. Alle i skulemiljøet skal arbeide for at skulen skal fremje læring, helse og trivsel. God klasseleiing er basis for arbeidet.

### Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø

#### VERKEOMRÅDE

##### § 9 A-1. Verkeområde for kapitlet

Kapitlet her gjeld for elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skolefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

#### TRYGT OG GODT

##### § 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

#### NULLTOLERANSE

##### § 9 A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

#### AKTIVITETSPLIKT

##### § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.





Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

**Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå**

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

**Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.**

#### TILSETT KRENKJER ELEV

##### § 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

#### FYLKESMANNEN SI HANDHEVING AV AKTIVITETSPLIKTA

##### § 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Skolen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem Fylkesmannen til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skolen skal gjere for å sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 8-1 fjerde ledd.



Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skoleeigaren har ikkje klagerett.

## DET FYSISKE SKULEMILJØET

### § 9 A-7. Det fysiske miljøet (JFR. Kommunedelplan skule 2010 - 2020)

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.

Dei neste paragrafane er berre tekne med i sterkt avkorta versjon.

### § 9 A-8. Elevdeltaking i arbeidet med skolemiljøet

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

### § 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

### § 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole.

### § 9 A-11. Bortvising

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.



**FØREBYGGJANDE ARBEID OG SYSTEMATISK ARBEID**

	<b>OPPGÅVE</b>	<b>NÅR</b>	<b>ANSVAR</b>	<b>INT.KONTR. DATO/SIGN</b>
1	Samtale på klasse og elevnivå dagleg. Kontinuerleg evaluering og iverksetjing av tiltak i møte med elevar og klassar	Dagleg og ved behov. Min.kvart kvartal	kontaktlærar	
2	Gjennomgang av : <ul style="list-style-type: none"> <li>• Plan for skulemiljøarbeid for elevar og tilsette ved Ost U</li> <li>• Ordensreglement</li> <li>• Inspeksjonsplan</li> <li>• Elevsamtalar</li> </ul>	Ved skulestart (aug) og januar Midttermin	Rektor	
3	Kontinuerleg fokus på planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid	Skulestart ov.	Rektor	
4	Elevar og foreldre vert informert om planar for skulemiljøarbeidet og ordensreglementet	Foreldremøte Klasse møte Infoheftet heimesida	Rektor kontaktlærar	
5	Helse, trivsel og psykososialt miljø er tema på alle utviklings- og elevsamtalar (min. 2x årleg). Evaluering av evt. funn vert meld til rektor	Haust og vår	kontaktlærar	
6	Gjennomføring av førebyggjande program som MOT. Skulen som samfunnsbygger	Jamleg	Rektor Lærar MOT-coachar	
7	Gjennomføring av eiga trivselsundersøking	Kvar vår	Rektor / IT - kontakt	
8	Gjennomføring av elevundersøkinga	Kvar haust	Rektor/ IT - kontakt	
9	Evaluering av : <ul style="list-style-type: none"> <li>• Haldningsskapande program</li> <li>• Elevundersøkinga</li> <li>• Inspeksjonsrutinar</li> <li>• Skulemiljøet</li> <li>• Gjennomføre reflex årleg</li> </ul>	Haust og vår Jamleg	Rektor	
10	Internkontroll: Kontroll og oppfølging av opplæringslova § 9A, § 11-1a, §2-9 og §2 - 10	Jamleg	Rektor/ Personalet	



**RUTINE FOR Å AVDEKKE BROTT PÅ KAPITTEL 9A**

	OPPGÅVE	NÅR	ANSVAR	INTERNKONTROLL DATO/SIGN
1	<b>ELEVSAMTALAR</b> Kartlegging av krenkingar og mobbing. Funn vert rapportert til rektor. Rektor set inn tiltak og skriv einskildvedtak	Haust og vår	kontaktlærar	
2	<b>TRIVSELSUNDERSØKINGA</b> Alle elevar 8.- 10 steget gjennomfører undersøkinga	Vår	Rektor/ IT- kontakt kontaktlærar	
3	<b>ELEVUNDERSØKINGA</b> Alle elevar 8.- 10 steget gjennomfører undersøkinga	Haust	Rektor/ IT- kontakt	
4	<b>INSPEKSJON I FRIMINUTT</b> Inspiserande tilsett skal førebyggje og gripe inn i konfliktsituasjonar. Ved mistanke om brott på Kap 9A skal den som får kjennskap til dette melde vidare til rektor på skjema	Kvart friminutt	Tilsette kontaktlærar	
5	<b>TEMA</b> På foreldre-, klasse- og elevrådsmøte og i skulemiljøutval	Haust og vår	Rektor og kontaktlærar	
6	<b>UTVIKLINGSSAMTALAR</b> Trivsel og mobbing er tema i alle utviklingssamtalar	Haust og vår	Faglærar	
7	<b>BROTT</b> Avdekking av brott på § 9A skal rapporterast vidare til rektor same dag brottet vert avdekkja. Rektor registrerer - undersøker og undersøker saka før tiltak. I særleg grove tilfelle 24 timars frist.	Snarast / ved behov	Kontaktlærar/ rektor	





### INDIVIDRETTE ARBEID OG OPPFØLGJING AV EINSKILDSAKER

	OPPGÅVE	ANSVAR	DOKUMENTASJON	INTERNKONTROLL DATO/SIGN
1	<b>Undersøking og observasjon</b> vert sett i gang straks	Rektor/ kontaktlærer	melding	
2	<b>Samtaler</b> med elev som opplever krenking for å få informasjon og gi støtte. Eleven sine opplevingar er ein realitet	Rektor/ kontaktlærer	Referat	
3	<b>SAMTALE</b> med foreldra til elev som opplever krenking. Skulen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan / bør gjerast	Rektor / Kontaktlærer	referat	
4	<b>SAMTALE</b> med krenkjaren. Dersom fleire er involvert, snakkar ein med kvar elev med sikte på å stanse krenking straks. Tiltak og oppfølging	Rektor/ kontaktlærer	Tiltaksplan, Tidsavgrensing, Evaluering	
5	<b>SAMTALE</b> med føresette til krenkjar. Skulen har ansvaret for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan / bør gjerast	Rektor/ kontaktlærer	Tiltaksplan, Tidsavgrensing, Evaluering	
6	Rektor vurderer tiltak. Dokumenterer i tiltaksplan. Den skal innehalde: a) kva problem tiltaka skal løyse for offer og krenkjar b) kva tiltak skolen har planlagt når tiltaka skal c) gjennomførast d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka e) når tiltaka skal evaluerast.	Rektor	Dokumentasjon i tiltaksplan	





	OPPGÅVE	ANSVAR	DOKUMENTASJON	INTERNKONTROLL DATO/SIGN
8	Helse	Rektor, ressursteam	møtereferat	
9	Fysisk miljø	Rektor ,VO, eigedom	Vernerunderrapportar	
10	<b>Sanksjonar</b> Alle sanksjonar som vert brukte, må vere i tråd med ordensreglementet. Skulen må dokumentere sanksjonar som vert brukte og tiltaka som vert sette inn må dokumenterast	Rektor/ rådmann (ved skulebyte)	referat	
11	Dersom krenkande åtferd ikkje opphøyrer, skal andre eksterne partar inn i saka, t.d.: PPT, tverrfaglege team, barnevern, politi eller konfliktråd.	Rektor	Tiltaksplan	
12	Dersom det er vaksne på skulen som krenker elevane, vert dette handsama som ei personalsak.	rektor	referat	





**MELDESKJEMA VED BROTT PÅ ELEVENS PSYKOSOSIALE SKULEMILJØ**

Eleven sitt namn		
Klasse		
Meldinga går til	Rektor	
Meld av		
Dato for melding		
Kva dreier meldinga seg om? (mobbing, vald, rasisme, diskriminering, utestenging, kalling...)		
Korleis / kvar oppdaga meldar problemet?		
Annan faktainformasjon		





### Skjema Tiltaksplan

Namn	
kva problem tiltaka skal løyse	
kva tiltak skolen har planlagt	
når tiltaka skal gjennomførast (periode)	
kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka	
når tiltaka skal evaluerast/ reviderast	

### Dokumentasjonsmal for arbeid med undersøking og tiltak

Aksjon	dato	Tilstades	konklusjon
Utfordring/ forseelse			
Registrering			
Konfronterande samtalar/ høyring krenkjar			
Konfronterande Samtale - Offer			
Samtale med heimen			
Andre tiltak			
evaluering			





LINDÅS KOMMUNE  
Ostereidet ungdomsskule